



Konfliktrådet

Jobbnorge-ID: 105607

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Ledig stilling som ungdomskoordinator - Konfliktrådet i Haugaland og Sunnhordland

Konfliktrådet i Haugaland og Sunnhordland har ledig stilling som ungdomskoordinator.

Ungdomskoordinatoren er ansvarleg for drift av oppfølgingsteam ved Konfliktrådet i Haugaland og Sunnhordland. Konfliktrådsleiaren er næraste overordna og fagleg og administrativt ansvarleg for tiltaket i sitt distrikt.

Oppfølgingsteama skal sikre ein forutsigbar og rask oppfølging av den enkelte unge lovbrytar gjennom eit forpliktende og strukturert tverretatleg samarbeid. Oppfølgingsteamet skal følgje opp den enkelte unge lovbrytaren i ein definert periode.

Ungdomskoordinatoren vil også få ansvaret for forvaltning av den nyleg innførte ungdomsstraffa.

Det skal takast utgangspunkt i dei verdiar og prinsipp som konfliktråda byggjer på, og den som vert tilsett vil inngå som ein del av konfliktrådet si verksemd.

Oppfølgingsteama består av representantar for dei etatane som naturleg høyrer saman rundt ei forpliktande oppfølging av den enkelte lovbrytar, til dømes politi, barnevern, rusomsorg, skule, helseteneste, konfliktrådet, kriminalomsorga, born og unge sjølve, samt familien og nettverk.

Ungdomskoordinatoren er ansvarleg for innkalling av samarbeidspartane og leiar oppfølgingsteamet.

Ungdomskoordinatoren rapporterer til konfliktrådsleiar. I tillegg er det etablert ein fagseksjon i Sekretariatet for konfliktråda som støttar drifta av ordninga.

Vi søker ein person med minimum tre års høgare utdanning og relevant erfaring. Det vert lagt stor vekt på personleg skikkaheit i høve til eigenskapar som evne til samarbeid, fleksibilitet, sjølvstendigheit og evne til å arbeide systematisk. Det krevst høg gjennomføringsevne samtidig som dette skal balanserast mot kvaliteten i tiltaket, gjerne dokumentert gjennom tidligare arbeid.

Vidare krevst god kunnskap om forvaltninga på ulike nivå, og forståelse for kva som skapar gode relasjonar i samarbeid med andre (forvaltningssamarbeid). Interesse for kriminalpolitiske spørsmål, kunnskap om ungdomskriminalitet og atferdsproblem blant barn og unge er ynskjeleg.

I konfliktråda ynskjer vi eit kulturelt mangfald blant våre tilsette og oppmodar personar med minoritetsbakgrunn å søkje.

Stillingsinnehavar må òg pårekne noko arbeid utanfor ordinær arbeidstid, noko reiseverksemd i distriktet samt i samband med sentral opplæring og møteverksemd.

Søkarar bør disponere eigen bil.

Stillinga er plassert som rådgjevar (kode 1434), i ltr. 53-57. Av løna vert det trekt 2 % til Statens Pensjonskasse.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved henvendelse til konfliktrådsleiar Mona Snørteland, tlf. 22 77 71 09 / 91 67 17 09

Søknad sendast via www.jobbnorge.no

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: